

J E R U S A L E M.

1.

Jerusalem ! Du strålende stad,
- bygd på dei evige fjell -!
Din skog, dine voggande blomar og blad
og lundar av palmar, syng brusande kvad
bak tidi sin sloknande kveld!

3.

Jerusalem ! A, herlege stund:
eingong å koma til deg!
Når livsferdi endar i sælaste blund,
glad å få stå i din solfylte lund:
det Himmelske mål for min veg!

2.

Jerusalem ! Du velbygde by -!
Tenk, når du dagklårt eingong
stig fram, utan skyming av natt eller sky,
som solrenning gyllne, ved livsmorgongry,
og livet det jublar i song!

4.

Jerusalem ! Du dreg meg so blidt
stundom, når vegen fell tung - .
Tenk, når mi sjæl skal få svinga seg fritt
på dine "Klår fjell", i ljósriket ditt
utløyst og æveleg ung !

Johs. M. L. Rydland.

N O R E G.

1.

Noreg ! For nordmenn det fagraste land under soli !
Antan det glitrar i "måneskinssnøkvitt" i joli,
eller i blig bløming ved Jonsoketid - !
- Heimen vårt folk fann sitt skjol i !

2.

Noreg ! Med breidaksla, högreste toppar og tindar - !
Landet med elvar og dalar og lider og rindar - !
Fossar som fell, ned frå dei flogbratte fjell,
-Landet med dunmjuke vindar - !

3.

Noreg ! Med skogar som stille i vårvinden svagar - !
Næter med nordljøs, og stundom so ljose som dagar - !
Kring dette land storhavet leikar ved strand,
eller i stormen det klagar - !

4.

Noreg ! Or havet det stig med dei drivkvite fenner !
Augo dei blenkjer når gutane tårnspiri kjenner - !
Signe deg Gud ! Heilt i frå blåbre til flud !
Han gjev di vardevakt menner !

Johs. M. L. Rydland.